



Administrativt vedtak

Saksnr	Utval	Møtedato
113/16	Plan og utvikling	

Saksansvarleg: Øi Knut Fredrik

Arkivsaknr.:
16/208-11

Arkiv
K1 - 233, K2 - K40,
K3 - &17

Sakshandsamar
Magnhild Aspevik, 57641223

Dato
18.07.2016

Tildeling av fellingsløyve for hjort- og elgjakta - Aurland kommune 2016

Kort samandrag

For tildeling av fellingsløyve for elg i Aurland kommune 2016, vert same mal som i 2015 nytta. For tildeling av fellingsløyve på hjort, vert vedteke bestandsplan for Aurland bestandsplanområde lagt til grunn for valda i bestandsplanområdet. For valda utanfor bestandsplanområdet, vert vedteke forvaltningsplan lagt til grunn.

Vedtak:

I medhald av *Forskrift om forvaltning av hjortevilt* og *Forvaltningsplan for hjortevilt i Årdal, Lærdal og Aurland* tildelar Aurland kommune følgjande fellingsløyve for 2016:

Hjort:	300 fellingsløyve delt på 55 vald.
Elg:	20 fellingsløyve delt på 1 vald.

Vedtekne planar som ligg til grunn for tildelingane er vurdert etter Naturmangfaldlova §§ 8-12.

Vedlegg:

Fellingsløyve elg 2016 Aurland kommune
Fellingsløyve hjort 2016 Aurland kommune

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.

- Lov om forvaltning av naturens mangfold (NML)
- Forskrift om forvaltning av hjortevilt
- Forvaltningsplan for hjortevilt i Årdal, Lærdal og Aurland kommune, godkjend 2011
- Aurland bestandsplanområde – bestandsplan for hjort i perioden 2015-2017
- Avtale om felles landbrukskontor av 1.1.2011

Saksutgreiing og vurdering

Aurland elgvald er sett saman av 50 hjortevald og 3 separate eigedommar. Teljande areal er snaut 300 000 daa. Forskrift om minsteareal har ikkje vore endra etter at elgvaldstrukturen i Aurland vart endra og utvida. Avskytinga av elg har ikkje auka etter at storvaldet for elg vart oppretta, og kommunen ser det førebels ikkje naudsynt å endra forskrifta. Likevel vil Aurland kommune for tildelinga i 2016 nytta § 9 i *Forskrift om forvaltning av hjortevilt* og avvika minstearealet med 50% slik at minstearealet for elg i 2016 vert 15 000 daa. Dette gir totalt 20 fellingsløyve.

Aurland hjorteutval har søkt, og fått godkjend, "Aurland bestandsplanområde for hjort" og bestandsplan for hjort i dette området i perioden 2015-2017. I arkivsak 15/390-2 kan ein sjå argumentasjonen for avgrensing og plan. Tildelinga for hjort i Aurland bestandsplanområde vil følgja denne planen og tek sikte på ein svak vekst i hjortebestanden i Aurland. Dei valda som har signert medlemskap i bestandsplanområdet vil få løyva tildelt som frie dyr for heile planperioden frå kommunen. Desse valda har sjølv ansvar for å følgja vedteke avskytningsmodell. Dei valda som ikkje har signert, får løyva tildelt som retta avskyting/tildeling frå kommunen. Kommunen nyttar vedteke bestandsplan som grunnlag for å dela ut fellingsløyve til desse valda. Valda på nordsida av Nærøyfjorden (Bakka/Tufte vest og Dyrdal storvald) er ikkje tegna inn i området for Aurland bestandsplanområde for hjort, og vert førebels tildelt fellingsløyve etter *Forvaltningsplan for hjortevilt i Årdal, Lærdal og Aurland kommune*. Me tek sikte på å avklara samarbeid mot Vik i høve desse valda i året som kjem. Vik kommune er i gong med arbeidet mot bestandsplanområde og Aurland hjorteutval/Prosjekt forvaltning av hjortebestand argumenterar for at nordsida av Nærøyfjorden har ein logisk tilknytning til Vik.

I 2016 vert det delt ut 300 fellingsløyve for hjort i Aurland kommune. Av desse er det 201 "frie løyve" til dei 41 valda som har signert avtala og 99 løyve delt på dei 14 valda som ikkje har signert eller er utanfor bestandsplanområdet.

Rådmannen godkjenner følgjande tildeling for hjort- og elgjakta 2016:

Hjort:	300 fellingsløyve delt på 55 vald.
Elg:	20 fellingsløyve delt på 1 vald.